

# Helsing til landsmøte Palestinakomiteen fredag 25.3.2022

Takk for invitasjonen!

«Dei skal smi sverda om til plogskjer og spyda til vingardsknivar. Folk skal ikkje lyfta sverd mot folk, ikkje lenger lærast opp til krig.»

Eg er medlem av Palestinakomiteen, og vil bidra til rettferd og fred, rettferdig fred.

Som bibellesar leitar eg fram dei profetiske stemmene frå den hebraiske bibelen, dette var frå fordi det er dette eg og mange med meg aldri kan gje slepp på,

Når vi no dagleg blir bombardert av det motsette ,

Dei profetiske orda ikkje dokumentariske skildringar av noko som har hendt, men heilt nødvendige bilde av noko anna, ein draum som kan hindre at vi mistar motet, ord som kan inspirere til handling.

Slik profetane også gjorde hos nokre av våre samtidige profetar, Martin Luther King jr. og også Desmond Tutu. Martin Luthers draum var henta frå profetane: han gjorde profeten Amos til sine egne og til ord retta til si samtid: «But let justice roll down as waters, and righteousness as a mighty stream. / Lat rett vella fram som vatn, og rettferd lik bekker som alltid strøymer.» :

Det vi no ser med egne augo og høyrer om, er det nesten ubeskrivelege: At barn blir drepne, at bestemødrer er på fortvilt flukt, at folk som elsker kvarandre må ta avskjed med kvarandre på grensene, at unge menn i soldatuniform som

snakkar nesten det same språket skyt på kvarandre og omtalar kvarandre som fiendar, at byar blir lagt i ruinar, og det rike åkerlandet blir lagt brakk.

Plogjern blir *no* mens vi sit her, laga om til våpen. Og dette skjer i det området som lenge har vore Europas store kornkammer.

....

EG vil tru at me som har eit varmt hjarte og klåre tankar for Palestina, som har budd eller reist på Vestbreidda, i Gaza eller det annekterte Aust-Jerusalem, og har sett brutaliteten,

kjenner på kordan reaksjonane i verda ikkje er like.

Og Av den grunn og, har dette vore nokre merkelege veker.

Store deler av verda, har greidd å samle seg i tunge økonomiske sanksjonar av Russland, fordi me er så samstemte rysta. Me i har høyrd vitnesbyrd og sett bilete frå Ukraina, og skjønt at Putin har brote med ein av dei grunnleggande rettane, retten til ei ukrenkt landegrense, og retten til sjølvstende.

Eg er glad for at store deler av verda har samla seg om å reagere med ikkjevald. At vi har fått i stand økonomiske sanksjoner av Russland, og boikottkampanjar, er bra.

Men eg må seie, at eg skulle ønske at styresmaktene i Norge, i Europa og Nord-Amerika, hadde hatt mot til tydelege reaksjonar i møte med dei folkerettslege brota som samstundes skjer i Palestina og Israel.

I Oslo bispedømme, her vi er no, har mange av våre menigheitar, egne samarbeidsavtaler med lutherske kyrkjer i Palestina, som Håpets kyrkje i Ramallah, og dei andre kyrkjene i Beit Sahour, i Betlehem, og i gamlebyen i Aust-Jerusalem.

Sjølv har eg vore ledsagar gjennom Kirkens Nødhjelp og Kyrkjenes Verdsråd. Dei eg møtte då, veit eg har fått det frå vondt til verre. Sheik Shera,

Jahalinfolket , beduinane som lenge budde i Negev, men som israelske soldatar har flytta på ein rekke gonger, med tvang. ... tent of nations:

- Dei siste par åra har vi sett at den israelske menneskerettsorganisasjonen B'tselem, Human right watch, og no sist Amnesty International, har brukt ordet «apartheid» om Israel si framferd . Dei har i tunge rapportar, henta fram eit tungt omgrep som skapar tunge assosiasjonar frå Sør-frika.

Ein som sa det same, var erkebiskop Desmond Tutu. Då han var i Palestina og Israel kjende han ekkoet frå raseskillepolitikken i heimlandet. Han kjende att husøydeltjingane, bevegelsesrestriksjonane, audmjukinga på kontrollpostane, og framveksten av muren.

Eg er stolt å vera medlem av Palestinakomiteen. Eg er glad for at Palkom har blitt ein klok og klar stemme om kva som skjer, og løfta fram ikkje-valdelege verkemiddel mot den israelske okkupasjonen. Som kyrkje lyfter vi fram menneskeverdet. Difor er vi ein alliert i arbeidet for ein rettferdig fred for Palestina og for Israel.

For å halde på livsmotet, for ikkje å la angsten få siste ordet. – dette er draumen:

*Folk skal ikke løfte sverd mot folk,*

*ikke lenger læres opp til krig,*

*men enhver skal sitte*

*under sin vinstokk og sitt fikentre,  
ingen skal skremme dem.*

.....

Ha eit godt landsmøte.

Kari Veiteberg

Oslo biskop